Seljord kommune

Møteprotokoll

Utval: **Kommunestyret**
Møtestad: Kommunehuset
Møtedato: 09.04.2015
Møtetid: 18:00 – 20:45

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Arvid Martin Vala	Medlem	FRP
Ingunn Synnøve Haugland	Medlem	H
Frøydis Margaret Kivle	Medlem	H
Øyvind Oland	Medlem	H
Kjellaug Westbye Abrahamsen	Medlem	KRF
Trond Johnsen	Medlem	AP
Jon Svartdal	Ordførar	KRF
Arve Lia	Medlem	AP
Gunn Marit Sandsdalen	Medlem	SV
Jorunn Andrea Hegni	Medlem	SP
Jan Thorbjørn Sollid Tveit	Varaordførar	H
Edvard Mæland	Medlem	H
Aud Kirsten Jonskås	Medlem	AP
Hallgeir Ofte	Medlem	AP
Borgny Slettemoen Tøfte	Medlem	V
Dag Svartdal	Medlem	KRF
Gunleif Eivind Oland	Medlem	H
Mogens Hougaard Iversen	Medlem	FRP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Solveig Sundbø Abrahamsen	ORDF	H
Jon Aarbakk	MEDL	SP
Guro Sundbø Storrusten	MEDL	H

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Marianne Lundeberg	Solveig Sundbø Abrahamsen	H
Marianne Vadder	Jon Aarbakk	SP

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Kari Gro Espeland	Rådmann
Ronde Schade	Kommunalsjef

Frid Berge	Kommunalsjef
Rolf Henning Jensen	Kommunalsjef

Protokollunderskrifter:

Jon Svartdal Trond Johnsen

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Referatsaker	
RS 2/15	Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Seljord kommune	
	Saker til handsaming	
PS 14/15	Valstyre	
PS 15/15	Delegering av mynde til valstyret	
PS 16/15	Kommunestyrevalget og fylkestingsvalget 2015 - Fastsetting av valgdag	
PS 17/15	Representant til styret i Seljord frivilligsentral	
PS 18/15	Tilslutning til KS sitt styrevervregister	
PS 19/15	Arbeidsprogram Programområda 2015	
PS 20/15	Forprosjekt - Vest-Telemark	
PS 21/15	Forprosjekt - "Lifjell rundt"	
PS 22/15	Sal av kommunal eigedom, gnr. 45/bnr. 46 - Badet	
PS 23/15	Framlegg til rammetimetal for grunnskulane skuleåret 2015-16	

Referatsaker

RS 2/15 Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Seljord kommune

Saker til handsaming

PS 14/15 Valstyre

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Anne Gro Kleivi og Hanne Norgaard tas bort frå varalista, og Aud Jonskås trer inn som vara nedst på lista. Elles er Valstyret i Seljord kommune som vedtatt i Kommunestyret 12.06.2014.

Janne Torjusrød oppnemnes som sakshandsamar for Valstyret.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

Anne Gro Kleivi og Hanne Norgaard tas bort frå varalista, og Aud Jonskås trer inn som vara nedst på lista. Elles er Valstyret i Seljord kommune som vedtatt i Kommunestyret 12.06.2014.

Janne Torjusrød oppnemnes som sakshandsamar for Valstyret.

PS 15/15 Delegering av mynde til valstyret

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Valstyret i Seljord kommune har ansvar for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå. Kommunestyret delegerer mynde til valstyret om å fatte alle vedtak som er naudsynte for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå. Unntatt er mynde til å fatte vedtak som etter lov ikkje kan delegarast.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

Valstyret i Seljord kommune har ansvar for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå. Kommunestyret delegerer mynde til valstyret om å fatte alle vedtak som er naudsynte for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå. Unntatt er mynde til å fatte vedtak som etter lov ikkje kan delegarast.

PS 16/15 Kommunestyrevalget og fylkestingsvalget 2015 - Fastsetting av valgdag

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Valdagen blir måndag 11. september for røystestadene i Åmotsdal og Flatdal.
Valdagar for røystestaden i Seljord blir sundag 10. september 2015 og måndag 11. september 2015.

Valstyret vedtek opningstidene.

Røystestader blir Åmotsdal Grendehus i Åmotsdal, Flatdal Samfunnshus i Flatdal og Granvin Kulturhus i Seljord.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

Valdagen blir måndag 11. september for røystestadene i Åmotsdal og Flatdal.
Valdagar for røystestaden i Seljord blir sundag 10. september 2015 og måndag 11. september 2015.
Valstyret vedtek opningstidene.

Røystestader blir Åmotsdal Grendehus i Åmotsdal, Flatdal Samfunnshus i Flatdal og Granvin Kulturhus i Seljord.

PS 17/15 Representant til styret i Seljord frivilligsentral

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:
Kultursjef og folkehelsekoordinator Asbjørn Storrusten blir foreslått som Seljord kommune sin kandidat til styreverv i Seljord friviljugsentral, med kommunalsjef Frid Berge som vararepresentant.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

Kultursjef og folkehelsekoordinator Asbjørn Storrusten blir foreslått som Seljord kommune sin kandidat til styreverv i Seljord friviljugsentral, med kommunalsjef Frid Berge som vararepresentant.

PS 18/15 Tilslutning til KS sitt styrevervregister

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å slutte seg til KS sitt styrevervregister.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

Kommunestyret vedtek å slutte seg til KS sitt styrevervregister.

PS 19/15 Arbeidsprogram Programområda 2015

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune godkjenner arbeidsprogram 2015 for programområda. Rapportering og status på tiltak blir i samband med budsjettkontroll i tredje kvartal.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

Seljord kommune godkjenner arbeidsprogram 2015 for programområda. Rapportering og status på tiltak blir i samband med budsjettkontroll i tredje kvartal.

PS 20/15 Forprosjekt - Vest-Telemark

Rådmannen si tilråding:

- Rådmannen rår kommunestyre til å fatte vedtak om å delta i eit forprosjekt med kommunane Tokke, Fyresdal, Nissedal og Kviteseid.
  Dersom det ikkje vert fatta likelydande vedtak i dei fem kommunane, får ordførar fullmakt til å endre vedtaket til å omfatte dei kommunane som har likelydande vedtak.

- Rådmannen rår kommunestyret til å ta spørsmålet om å delta i eit forprosjekt som vurderer konsekvensane av å oppretthalde kommunestrukturen med eit meir forpliktande samarbeid mellom dei fem kommunane opp til ny handsaming.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Framlegg frå Høgre, Krf, Frp og Venstre:

- Seljord kommune har som intensjon bli ein del av ein større kommune i tråd med kommunereforma.
- Kommunestyret vedtek å delta i eit forprosjekt med kommunane Tokke, Fyresdal, Nissedal og Kviteseid.
- Utvida bruk av interkommunalt samarbeid er ikkje i tråd med intensjonen i kommunereforma og Seljord kommune ser ikkje dette som ein naturleg del av forprosjektet. Seljord kommune er likevel villig til å utgreiie dette også dersom det er naudsynt for å få oppslutning om eit forprosjekt om kommunesamanslåing.
- Ordføraren får fullmakt til å tilpasse kommunestyret sitt vedtak slik at eit forprosjekt blir mogleg å realisere.

Framlegg frå H., Krf., Frp. Og V. samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

- Seljord kommune har som intensjon bli ein del av ein større kommune i tråd med kommunereforma.
- Kommunestyret vedtek å delta i eit forprosjekt med kommunane Tokke, Fyresdal, Nissedal og Kviteseid.
- Utvida bruk av interkommunalt samarbeid er ikkje i tråd med intensjonen i kommunereforma og Seljord kommune ser ikkje dette som ein naturleg del av forprosjektet. Seljord kommune er likevel villig til å utgreie dette også dersom det er naudsynt for å få oppslutning om eit forprosjekt om kommunesamanslåing.
- Ordføraren får fullmakt til å tilpasse kommunestyret sitt vedtak slik at eit forprosjekt blir mogleg å realisere.

PS 21/15 Forprosjekt - "Lifjell rundt"

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

- Seljord kommune opprettheld sitt vedtak i sak 1/15 om å vidareføre arbeidet med kommunereforma ved å gå vidare med eit forprosjekt saman med dei kommunane som ynskjer det i «Lifjell rundt».
- Seljord kommune takkar ja til invitasjonen frå Bø kommune om å delta i eit forprosjekt saman med kommunane Sauherad, Nome og Bø.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot 7 røyster

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

- Seljord kommune opprettheld sitt vedtak i sak 1/15 om å vidareføre arbeidet med kommunereforma ved å gå vidare med eit forprosjekt saman med dei kommunane som ynskjer det i «Lifjell rundt».
- Seljord kommune takkar ja til invitasjonen frå Bø kommune om å delta i eit forprosjekt saman med kommunane Sauherad, Nome og Bø.

PS 22/15 Sal av kommunal eigedom, gnr. 45/bnr. 46 - Badet

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å legge fylgjande forslag til vedtak fram for kommunestyret:
Kommunestyret opprettheld vedtak om sal av eigedom 45/46 Badet og gir Rådmannen fullmakt til å inngå avtale med eigar av Borgen om førehandskjøp av eigendommen, med overtaking 1.4.2019. I avtala skal det gå frem at salssummen er på 50.000,- og at kommunen skal disponere parkeringsareal på vestsida av vegen til leigetakar av Badet i perioden fram til overtaking.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.01.2015

Framlegg frå Høgre v/ Jan Torbjørn Sollid Tveit:

Formannskapet rår kommunestyre til å oppretthalde vedtak om sal av eigedom 45/46 Badet, og gjev Rådmannen fullmakt til å inngå avtale med eigar av Borgen om førehandskjøp av eigendommen, med overtaking 1.4.2019. I avtala skal det gå fram at salssummen er på 50.000 og at kjøper dekker saksomkostningar ved salet, samt at kommunen skal disponere parkeringsareal på vestsida av vegen til leigetakar av Badet i perioden fram til overtaking.

Framlegget frå Høgre vart vedteke mot ei røyst.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.01.2015

Formannskapet rår kommunestyre til å oppretthalde vedtak om sal av eigedom 45/46 Badet, og gjev Rådmannen fullmakt til å inngå avtale med eigar av Borgen om førehandskjøp av eigendommen, med overtaking 1.4.2019. I avtala skal det gå fram at salssummen er på 50.000 og at kjøper dekker saksomkostningar ved salet, samt at kommunen skal disponere parkeringsareal på vestsida av vegen til leigetakar av Badet i perioden fram til overtaking.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Rådmannen trekte saka, så denne vart sett på sakslista ved ein feil, og var ikkje godkjent av ordførar som sak til møtet.

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

PS 23/15 Framlegg til rammetimetal for grunnskulane skuleåret 2015-16

1 Rammetimetal for grunnskulane skuleåret 2015-16
2 Innspel fra FAU Flatdal anngåande firedeling av skulen

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.03.2015

Framlegg frå Sp v/ Jorunn Hegni:

Punkt 1 vert erstatta med fylgjande:

1) Rammetimetal til skulane blir fordelt slik at det vert 5-deling på Flatdal skule med målsetjing om å redusere på spesialundervisninga. 5-delinga skal fortrinnsvis gjennomførast innanfor vedteke rammetimetal. Dette vil vera ei langsiktig investering.

Punkt ein i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot to røyst.

Framlegg frå Krf v/ Jon Svartdal:

2) Gruppedeling av 6. klasse 2014-15 ved barneskulen blir vidareført med heilårsverknad i 2015 og 7/12 verknad i 2016. Dette vil føre til eit meirforbruk i 2016 rekna til om lag 300 000 kroner. Meirforbruket i 2015 blir dekt opp innanfor tildelt ramme og med vedteken tilleggsløyving 250 000 kr.

Framlegget frå Krf v/ Jon Svartdal vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.03.2015

1) Rammetimetal til skulane blir fordelt slik det går fram av saksframstillinga, punkt 1 til 3.

2) Gruppedeling av 6. klasse 2014-15 ved barneskulen blir vidareført med heilårsverknad i 2015 og 7/12 verknad i 2016. Dette vil føre til eit meirforbruk i 2016 rekna til om lag 300 000 kroner. Meirforbruket i 2015 blir dekt opp innanfor tildelt ramme og med vedteken tilleggsløyving 250 000 kr.

Handsaming i Kommunestyret - 09.04.2015

Framlegg frå Sp v/Jorunn Hegni:
Kulepunkt ein:
Rammetimetalet til skulane blir fordelt slik at det vert 5-deling på Flatdal skule med målsetjing om å redusere spesialundervisninga. 5-delinga skal fortrinnsvis gjennomførast innanfor vedteke rammetimetall. Dette vil vera ei langsiktig investering.

Framlegget frå Sp v/Jorunn Hegni fall med 2 mot 18 røyster.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vedteke med 18 møt 2 røyster

Kulepunkt to:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke..

Vedtak i Kommunestyret - 09.04.2015

- Rammetimetal til skulane blir fordelt slik det går fram av saksframstillinga, punkt 1 til 3.

- Gruppedeling av 6. klasse 2014-15 ved barneskulen blir vidareført med heilårsverknad i 2015 og i økonomiplanperioden. Dette vil føre til eit meirforbruk i 2016 rekna til i overkant av ein halv million kroner. Meirforbruket i 2015 blir dekt opp innanfor tildelt ramme og med vedteken tilleggsløyving 250 000 kr.